

Julebodskapen i importert versjon

27.12.2015



Kyrkjelydssekretær Jan-Ove Fagerheim som er stasjonert på Husnes  
er ein utruleg kreativ person og er ein meistar til å gjera bibelske beretningar levande.  
I ettermiddag presenterte han julebodskapen i Uskedalens bedehus og  
spela sjølv hovudrolla som som den oppdikta gjetaren Josja.  
Med seg i tablået hadde han både sauer og englar og rekvisittar frå Utåker og lokale arrangører av den  
tradisjonelle julefesten hadde all grunn til å klappa for importen. Det er atskillige år sidan han skreiv  
tablået som aldri vert uaktuelt og dette var var den andre framsyninga under denne julefeiringa.



Betlehemsmarkene i lokal utgåve

Det var rundt 50 på plass i bedehuset denne gongen og regien heldt høg standard.

Ikkje minst var det vakker song både under juletregongen og før den starta.



Leikene slo godt an

Nyvald leiar av soknerådet Svanhill Haugland var akkompagnatør som ho plan vera og Knut Olav Myklebust leia programmet med stor presisjon. Det galdt også leikane.

Utdeling av pakker og matøkt høyrdé sjølvsagt også med.

Men framfor alt viste festen at det frå tid til annan er klokt å søkja krefter også utanfor sin eigen skigard.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Svanhill er fast akkompagnatør



Det var 2 ringar i bedehuset